

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

Våge, 18.09.2023

Til

Alver kommune, Miljø og Tilsyn v/Eirik Berntsen
Alver kommune, Landbruksavd. v/Laila Bjørge
Alver kommune, Byggesaksad. v/Are Frøysand Grande
Statsforvaltaren i Vestland V/Ove Midtbø

**Vedtatt “nydyrkingsfelt” kontinuerleg brukt til stein-mottak på gbnr 99/4 Våge
40 nye lass med stor stein denne månaden**

Vi vil kort melde frå om 40 nye, store steinlass dumpa i tunet på 99/4 den 6.7.8. september. (på same måte som 40 **semihengarar** med stor stein over tre dagar i juni, det same som også har skjedd tidlegare).

Dei store massane med stein som kjem inn blir kvar gong brukt til nye, ikkje omsøkte tiltak: til **vesentlege** og ikkje omsøkte terrenginngrep.

Det tiltaket som i dag foregår er anlegging av ein veg fram til Gaule-elva, pluss eit anleggsområde i nærområdet til elva. Eit tiltak som vil vere ramma av Lov om vassdrag sidan elva er eit vesentleg vassdrag til Fjellangerpollen - del av marint verneområde i Lurefjordsystemet. Vil også vere ramma av andre lovverk, omgjevnadene har **stor** naturverdi og heilt klart kulturhistorisk verdi.

Vi melder frå om dette sidan vi ikkje trur kommunen vert informert på annan måte, for å få det loggført og halde kommunen informert om aktivitet som **klart** krev dispensasjonssøknad.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust